



KVAM HERAD

Kommunedelplan for Kvamskogen

2010 - 2020

Føresegner og retningsliner

Kvam herad
Kommunedelplan for Kvamskogen
2010 - 2020
Føresegner og retningslinjer
Planid: 123820110006

Vår ref.: Arkivsak 00/1425 og 07/1162

Saksbehandling etter plan- og bygningslova	Saksnr	Dato	Utval
Oppstartsvedtak	127/00	26.09.00	FSK
Grøntstrukturanalyse	110/02	26.06.02	FSK
Bygge og deleforbod	110/02	26.06.02	FSK
Rådmannen får fullmakt til å handsame og godkjenne kurante byggesaker	122/02	10.09.02	FSK
Møte i "Planforum", Hordaland fylkeskommune.		10.12.02	
Styringsgruppe for rullering av kommunedelplan for Kvamskogen	098/03	30.06.03	HST
NNI rapport 108		Okt 2003	
Fylkesmannen forlenger bygge og delingsforbødet til 13.09.04		10.08.04	
Forslag til plan returnert til administrasjonen for revisjon.	231/04	23.11.04	FSK
1. gongs behandling av det fast utval for plansaker	118/07	28.06.07	FSK
Offentleg ettersyn 13. juli 2007 - 12. september 2007			
1. gongs handsaming etter offentleg ettersyn i 2007	066/10	30.06.2010	NPB
2. gongs handsaming etter offentleg ettersyn i 2007		21.06.2011	NPB
Vedtak i Heradsstyre (eigengodkjenning)		06.09.2011	HST
Kunngjering av vedteken kommunedelplan		11.10.2011	

Mål med føresegner og retningslinjer

Visjon/mål med kommunedelplanarbeidet er at Kvamskogen skal vera det viktigaste fjellområde i landsdelen som gjer det mogeleg å realisera (imøtekoma) den aukande etterspørselen av hytter, leilegheiter, eit variert fritidstilbod og friluftsliv.

Eit varemerke for Kvamskogen, gjennom sal og informasjon ved etablering av nye hytter, framføring av veg og infrastruktur, skal det vera krav til landskapstilpassingar, estetikk, miljø og valfridom av hyttestørrelse og buform.

Kvamskogen skal av dagbrukarar og hyttebrukarar opplevast som ein så viktig verdi, at det i tillegg til utbyggingsområda er lett tilgang til store urørte kulturlandskap og fjellområde. Eit viktig siktemål med Kvamskogen er mellom anna å kunna opphalda seg fritt i store natur- og fjellområde, oppleva naturen sitt mangfald, utøva friluftsliv, visa evne til fysisk meistring, søkja ro og einsemd og koma seg vekk frå støy og ureining i byar og tettstader.

For å oppnå dei viktigaste hovudmåla i næringsområdet Kvamskogen er tilgang til utbyggingsareal, eit variert konkurransedyktig servicetilbod frå lokalt næringsliv, og ein næringsretta offentleg sektor av stor vekt.

Det skal av grunneigarar og utbyggingsinteressene opplevast som ein meirverdi at det vert stilt krav til, og økonomisk medverknad, for å oppnå miljø og miljøtilpassingar i landskapsområde langs fylkesveg, parkeringsanlegg og fellesområde.

Kvamskogen skal vere trygg for fotgjengarar og skiløparar i høve til biltrafikken.

Kvam herad har teke initiativ til etablering av Hardangertunnel med innslag i Steinsdalen og Samnanger. Dette vil i stor grad avgrensa gjennomgangstrafikk over Kvamskogen.

Føresegner og retningslinjer

Juridisk bindande føresegner med heimel i plan- og bygningslova 1985 § 20-4, vert vist som vanleg tekst og står i ramme, retningslinjer er av forklarande og rettleiande karakter og står som *kursiv*, utan ramme.

Rettsverknader av planen

Kart, føresegner og retningslinjer gjeld frå den dato då kommuneplanen er godkjent i samsvar med pbl1985 § 20-5.

§1 Verknader av kommuneplanen (jf. pbl1985 § 20-6)

Innanfor planområdet gjeld godkjente eksisterande reguleringsplanar og disposisjonsplanar vedtekne *før* kommunedelplanen for Kvamskogen, om ikkje anna er nemnt i føresegnene til denne planen.

§ 2 Plankrav (pbl1985 § 20-4 andre ledd, bokstav a)

- a) For område avsett til framtidige byggjeområde (fritidsbustnad HTF og HOF) kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnt i pbl1985 §§ 82, 84, 86b og 93 før området går inn i ein reguleringsplan (jf. Pbl2008 § 12-3). Området er vist med skravur
- b) For område avsett til framtidige byggjeføremål (fritidsbustnad HT og HO) kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnt i pbl1985 §§ 82, 84, 86b og 93 før området går inn i ein reguleringsplan (jf. Pbl2008 § 12-3). Området er vist med skravur

§ 3 a) Felles føresegn (pbl1985 § 20-4, andre ledd, bokstav b)

- a) Byggegrense langs med Fv7 er 50 meter frå midtline om ikkje anna er vedtatt i godkjent reguleringsplan eller disposisjonsplan vedteken før 01.01.2000. For framtidige byggeområde kan det vedtakast byggegrense under 50 m frå midtline på Fv7.
- b) Ved regulering av nye byggeområde for fritidsbustadar skal det gjennomførast grundige vurderingar av nye og gamle avkøyrslar basert på løysingane skissert i trafikkanalysen for Kvamskogen, dagsett 31.03.2011.
- c) På strekkja mellom NAF'en og Ungdomsheimen skal det gjennomførast ny regulering og opparbeiding av gang- og sykkelveg og planfri kryssing av fylkesveg 7 for mjuke trafikantar før det kan gjennomførast vidare utbygging. Utarbeiding av reguleringsplan og gjennomføring av tiltak skal uansett gjennomførast innan år 2014.
- d) På strekkja mellom NAF'en og Eikedalen og på strekkja mellom Ungdomsheimen og Tokagjelet skal det gjennomførast reguleringsplan med omsyn til gang- og sykkelveg, planfrie løysingar for skilløyper/mjuke trafikantar, avkøyrslar, busslommer og andre nødvendige tiltak for trafikksikring. Arbeidet med regulering skal vera gjennomført innan utgangen av 2014. Tidspunkt for gjennomføring av tiltak vert fastsett i reguleringsplan.

§ 3 b) Rekkjefølgje (pbl1985 § 20-4 andre ledd, bokstav b)

- a) Byggjeområde for fritidsbusetnad skal ikkje byggjast ut før godkjent løysing for vassforsyning, tilkomst og bortleiing av avlaupsvatn, er opparbeida jf. Pbl1985 § 20-4, andre ledd bokstav b. Avkøyrsløse frå offentleg veg skal vere godkjent og opparbeidd før anna utbygging i feltet kan starte.
- b) I samband med regulering til område for fritidsbusetnad skal det gjennomførast risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), dette gjeld særleg med omsyn til moglege rasfare, flaum, radon, støy og trafikktryggleik. ROS-analyse skal gjennomførast av personar/verksemdar med kompetanse innan fagområdet.
- c) Byggjeområde for fritidsbusetnad HT 03a-03c kan ikkje byggjast ut før det er gjennomført landskapsanalyse for heile området under eitt og det skal leggjast stor vekt på landskapstilpassing, estetikk, tilkomstveg og silhuettverknader i analysen (jf. grøntstrukturanalyse, dagsett 04.07.02) i reguleringsplanen (jf. § 4).
- d) Byggjeområde for fritidsbusetnad HT 04 og HT 05 kan ikkje byggjast ut før det er gjennomført landskapsanalyse for område HT 04 og HT 05 under eitt og det skal leggjast stor vekt på landskapstilpassing, estetikk og silhuettverknader i analysen, (jf. grøntstrukturanalyse, dagsett 04.07.02) i reguleringsplanen (jf. § 4).
- e) Byggjeområde for fritidsbusetnad HT 07 kan ikkje byggjast ut før det er gjennomført landskapsanalyse, i analysen skal det leggjast stor vekt på landskapstilpassing, estetikk, tilkomstveg, skiløyper og silhuettverknader i analysen, (jf. grøntstrukturanalyse, dagsett 04.07.02) i reguleringsplanen (jf. § 4).
- f) Byggjeområde for fritidsbusetnad HT 09. Det skal gjennomførast kartlegging av skred før reguleringsplan for området kan endeleg vedtakast.
- g) Byggjeområde for fritidsbusetnad HT 16 kan ikkje byggjast ut før det er gjennomført landskapsanalyse, i analysen skal det leggjast stor vekt på landskapstilpassing, estetikk og silhuettverknader i analysen, (jf. grøntstrukturanalyse, dagsett 04.07.02) i reguleringsplanen (jf. § 4).
- h) Byggjeområde for fritidsbusetnad HT 17 kan ikkje byggjast ut før det er gjennomført landskapsanalyse, i analysen skal det leggjast stor vekt på landskapstilpassing, estetikk og silhuettverknader i analysen, (jf. grøntstrukturanalyse, dagsett 04.07.02) i reguleringsplanen (jf. § 4).
- i) Område for fritidsbusetnad HO 05 kan ikkje byggjast ut før det er gjennomført landskapsanalyse for heile området under eitt, i analysen skal det leggjast stor vekt på landskapstilpassing, estetikk, tilkomstveg, skiløyper og silhuettverknader i analysen,

(jf. grøntstrukturanalyse, dagsett 04.07.02) i reguleringsplanen (jf. § 4).

- j) Område for fritidsbusetnad HO 08 b og c kan ikkje byggjast ut før det er gjennomført landskapsanalyse for heile området under eitt, i analysen skal det leggjast stor vekt på landskapstilpassing, estetikk, tilkomstveg, skiløyper og silhuettverknader i analysen, (jf. grøntstrukturanalyse, dagsett 04.07.02) i reguleringsplanen (jf. § 4).
- k) Utbyggingsområde for senter, SO 1 og SO2, kan ikkje byggjast ut før ski/turløyper gjennom området er sikra, eller nye er laga, samt at elvelaup er sikra eller omforma på ein god måte, biologisk og estetisk. I senterområda SO 02 - både på nord og sørsida av Fv7, skal endeleg avgrensing av byggeområde definerast i reguleringsplan.
- l) Før reguleringsplan for ny fritidsbusetnad vert godkjent, skal det føreliggja utbyggingsavtale for arealet, som sikrar feltet si deltaking i nødvendige infrastrukturtiltak for trafikksikring, parkering og miljøtiltak mv. som ikkje inngår som interne tilretteleggingskostnader i kvart felt.
- m) Eksisterande skiløyper som i dag går igjennom godkjente område for fritidsbusetnad i reguleringsplan, skal leggjast om i samsvar med skiløypene i kommunedelplanen, ved bygging i desse områda. Det vert ikkje gjeve byggjeløyve før omlegginga er godkjent.
- n) Område for fritidsbusetnad HO - Tordalen, her skal det gjennomførast kartlegging av rasfare av fagkunnig person/verksemd før utbygging kan skje. Krav om ny reguleringsplan, vil vera avhengig av verknadane frå rasrapporten.
- o) Innafor område for fritidsbusetnad HO 02 skal det setjast av område for skileik, med høg kvalitet, det skal vera lett tilgjengeleg for ålmenta og ha nær kontakt med vassdraget.
- p) I framtidige område for fritidsbustad - HO og HT, skal områda kartleggjast av fagkunnig person, for å tilfredstillast §§ 8-12 i Naturmangfaldslova. Jf. motsegn i frå Fylkesmannen.

Retningslinjer

- *Arealplanen viser store samanhengande byggeområde innafor naturlege landskapsrom. Planlegginga skal ta omsyn til heilskapen innafor byggeområde/landskapsrommet. I dei største byggeområda vert det opna for trinnvis utbygging.*

Grøntstruktur og estetikk:

§4. Omsyn til grøntstruktur og estetikk (pbl1985 § 20-4 andre ledd, bokstav b).

- a) Nye byggjeområde for fritidsbusetnad skal plasserast skånsamt i terrenget og ein skal unngå at bygningar bryt både silhuett sett frå dalbotnen og viktige silhuettar og landskapsformer i landskapet innafor området (jf. grøntstrukturanalyse 04.07.02).
- b) Skjeringar og fyllingar tilknytt nye bygningar (inkludert terrassar og liknande) skal tilpassast godt i forhold til opphavleg terreng.
- c) Bilveg og viktige skiløyper skal ikkje krysse i same plan.
- d) Nye område for fritidsbusetnad skal ta vare på viktige ”grøntstrukturar”, som stiar, skiløyper, vassdrag, kulturminne, vilt og friluftsliv.
- e) Nye byggjeområde for fritidsbusetnad skal ikkje plasserast i det nære landskapsrommet til eksisterande stølar. Dette gjeld for stølane;
 - Eggjasete
 - Netelandsstølen
 - Longvotni
 - Mødal
 - Fossdal
 - Måvotni
 - Nedre Steinskvanndalen
 - Byrkjesete
- f) Fritidsbustader skal ikkje gjerdast inn.
- g) Det er tillete å bygga utegolv, terrasse, veranda inntil 40 m², om terrenget tillet ei slik utviding. Denne kan gjerdast inn.
- h) Alle anlegg i terrenget, som vegar, parkeringsplassar og tomtegroper skal på sidene jamnast ut mot eksisterande terreng og jordslåast og såast til eller på andre måtar handsamast slik at eksisterande vegetasjon vert etablert på nytt.
- i) I eit belte på 10 m frå elvekant/strandkant, målt i horisontalplanet ved gjennomsnittleg flomvasstand er det forbode å fjerne eller fyller over eksisterande naturmark og vegetasjon. Det er tillete å framføre turveg.
- j) Ved iverksetjing av tiltak nær viktige turstiar og skiløyper, skal desse sikrast med buffersonar.
- k) Reguleringsplan skal visa areal for skjerma utelagring. Det er ikkje tillete med utelagring, parkering, oppstilling av maskiner, lastebilar og liknande samt oppføring av midlertidige bygg utan at dette er skjerma mot omgivnadene.
- l) Ved fortetting skal det takast vesentleg omsyn til eksisterande utbyggingsstruktur, landskap og terreng. Plan for fortetting skal tilpassast etter landskap og eksisterande utbyggingsstruktur som er eigna for feltmessig fortetting eller forsiktig innfylling av enkeltbygg.

Retningslinjer

Nye bygningar skal plasserast slik at mest mogeleg av eksisterande kulturlandskap, vegetasjon, dyreliv, terreng og turløyper vert tatt vare på, samstundes som estetiske omsyn skal leggjast til grunn.

Det bør nyttast saltak eller pulttak. Hovudmøneretninga bør vera parallelt med terrengkotene. Der det er trong for fast dekke til uteopphaldsareal, bør dette skje gjennom opparbeiding av utegolv på bakken.

Ved fortetting bør ein gjera greie for korleis fortettinga vert tilpassa andre omsyn i området.

§ 5 Omsyn til kulturminne (pbl1985 § 20-4 andre ledd, bokstav b).

- a) Det vert stilt krav om at nye tiltak ikkje skal skiple verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Dersom kulturminne vert råka skal saka leggjast fram for Fylkeskonservator.

§ 6 Forbod mot bygging og frådeling langs vassdrag (pbl1985 § 20-4, 2.ledd bokstav f)

Ein kan ikkje oppføre nye bygg, konstruksjonar, anlegg (veg, parkering, massetak, m.m.) eller innhegning nærmare vatn og vassdrag enn oppgitt nedanfor. Avstand er målt i horisontalplanet ved alminnelig vasstand. Forbodet gjeld og deling av eigedom.

Innan nedbørsfeltet som er verna mot kraftutbygging, rundt Eikjedalsvatnet og Movotni samt langs hovudelvane mellom og til desse vatna er denne byggjeforbodssona 50 m. Langs sideelvar/bekkar til desse er byggjeforbodssona 25 m.

Langs Longvotni og hovudelvar i dette nedbørsfeltet er byggjeforbodssona 25 m.

Langs andre bekkar og vatn er byggjeforbodssona 10 m.

Forbodet gjeld ikkje:

1. Bygning, konstruksjon, anlegg eller innhegning som er naudsynt for forsvaret, i landbruket, for vassforsyning, avløpsanlegg, den ålmenne samferdsle, og frådeling, sal eller bortleie av ubebygde del av eigedom til slik næringsverksemd.
2. Badeanlegg mv. og toalettanlegg på friluftsområde som er open for ålmenta og bygning mv. for naturvernformål i område som er freda eller verna i medhald av naturvernlova.

Retningslinjer

Det skal forståast som at vedlikehald og utviding av eksisterande hytter er mogleg og vist som LNF-c område.

§ 7 Krav om reguleringsplan og utnyttingsgrad m.m. (pbl1985 § 20-4 andre ledd, bokstav a og b)

- a) I område med godkjent reguleringsplan, gjeld storleik på fritidsbustad i samsvar med føresegnene i planen. Det kan vera mogleg med utviding av fritidsbustad på inntil 150 m² T-BRA innafor reguleringsplanen. Kvar plan vert vurdert ut i frå landskapet og tålegrensa i området. Det vert sett krav om nye føresegner i planen før området kan byggjast ut til 150 m² T-BRA.
- b) I område med godkjent disposisjonsplan, med føresegner om bygging av fritidsbustad i samsvar med "Reglar for hyttebygging i Kvam", kan det byggjast fritidsbustad på inntil 90 m² T-BRA innafor godkjent plan. Utviding av storleik på fritidsbustad på inntil 120 m² T-BRA, kan vera mogleg. Kvar plan vert vurdert ut i frå landskapet og tålegrensa i området. Det vert sett krav om reguleringsplan før området kan byggjast ut til 120 m² T-BRA.
- c) På eksisterande tomter mellom 0.6 og 1.5 daa skal fritidsbustadane ikkje overstige T-BRA maks. 150 m² innafor område med eksisterande reguleringsplan, og 120 m² innafor området med eksisterande disposisjonsplan, dersom det ikkje i gjeldande plan for området eksplisitt er opna for høgare utnytting.
- d) Eksisterande tomter under 0,3 daa kan det ikkje byggast hytte på, og tomter mellom 0,3 og 0,6 daa kan ha T-BRA maks. 90 m².
- e) I område med eksisterande regulerings- og disposisjonsplanar, der det er ynskje om deling av eksisterande tomter, er det krav om reguleringsplan. For deling av tomter gjeld § 7 c og d i denne føresegna.
- f) I nye område for fritidsbustad merka med HT skal utnyttingsgraden vera maksimum 15% BYA. Tomt til fritidsbustad i HT-område skal vera på maks. 1,5 daa, med fritidsbustad på BYA opptil 225 m². Kvar fritidsbustad kan delast i fleire bygningskroppar og plasserast i tunskipnader, gjeld som ei bueining. Møneretning skal i hovudsak fylgje terreng og vere parallelt med terrengkotane. Form på bygga skal tilpassast eksisterande terreng og omgjevnader.
- g) I nye område for fritidsbustad merka med HO skal utnyttingsgraden vera maksimum 10% BYA. Tomt til fritidsbustad i HO-område skal vera på maks. 2 daa, med fritidsbustad på BYA opptil 200 m². Kvar fritidsbustad kan delast i fleire bygningskroppar og plasserast i tunskipnader, gjeld som ei bueining. Møneretning skal i hovudsak fylgje terreng og vere parallelt med terrengkotane. Form på bygga skal tilpassast eksisterande terreng og omgjevnader.
- h) Ein kan bygge inntil eitt uthus/carport på kvar fritidseigedom. Uthuset/carporten skal

ikkje vere på meir enn T-BRA maks 30 m².

- i) I område for fritidsbusetnad (jf. § 4-2 i Teknisk forskrift) skal gesimshøgde i gjennomsnitt ikkje vera høgare enn 4,0 m, mønehøgde maksimum 6,0 m over gjennomsnittleg opphavleg terreng. Grunnmur; maks 0,7 m over planert terreng. I område for fritidsleiligheter og i senterområde skal gesimshøgde ikkje vera høgare enn 11,0 m, mønehøgde maksimum 15,0 m over gjennomsnittleg opphavleg terreng.
- j) Hyttene skal ikkje vera breiare enn 6 m når helling på terrenget er brattare enn 1:6.
- k) Ved regulering til nye område for fritidsbusetnad skal det leggast til grunn parkering for minimum to bilar pr fritidseigedom, jf. plan- og bygningslova 1985 § 20-4 andre ledd, bokstav b.

Retningslinjer

I nye reguleringsplanar skal det gjennomførast eit prinsipp om at dei største hyttene i feltet skal liggja lengst borte i frå skiløypene.

§ 8 Krav om reguleringsplanar i område utan tidlegare planar, jf. plan- og bygningslova, pbl1985 § 20-4 andre ledd, bokstav a.

- a) For område avsett til framtidig fortetting (fritidsbusetnad HTF) kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnt i pbl1985 §§ 82, 84, 86b og 93 før området inngår i ein reguleringsplan. Jf. Pbl1985 § 20-4 andre ledd bokstav a.

Kravet om reguleringsplan for framtidig fortetting gjeld område HTF 01-05.

- b) I område for fritidsbusetnad merka med HTF skal utnyttingsgraden vera maksimum 15% BYA. Tomt for fritidsbusetnad i HTF-område skal vera på maks. 1,5 daa, med fritidsbustader på BYA opptil 150 m². Kvar fritidsbustad kan delast i fleire bygningskroppar og plasserast i tunskipnader, gjeld som ei bueining. Møneretning skal i hovudsak fylgje terreng og vere parallelt med terrengkotane. Form på bygga skal tilpassast eksisterande terreng og omgjevnader.

Område er vist med skravur i kartet.

- c) For område avsett til framtidig fortetting (fritidsbusetnad HOF) kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnt i pbl1985 §§ 82, 84, 86b og 93 før området inngår i ein reguleringsplan. Jf. Pbl § 20-4 andre ledd bokstav a.

Kravet om reguleringsplan for område med framtidig fortetting (område som er utan plan i dag) gjeld område HOF 01-2.

- d) I område for fritidsbusetnad merka med HOF skal utnyttingsgraden vera maksimum 10% BYA. Tomt for fritidsbusetnad i HOF-område skal vera på maks. 2 daa, med fritidsbustader på BYA opptil 150 m². Kvar fritidsbustad kan delast i fleire bygningskroppar og plasserast i tunskipnader, gjeld som ei bueining. Møneretning skal i hovudsak fylgje terreng og vere parallelt med terrengkotane. Form på bygga skal tilpassast eksisterande terreng og omgjevnader.

Område er vist med skravur i kartet.

Retningsliner

Kravet til reguleringsplan gjeld ikkje for vedlikehald, mindre fasadeendring og tilbygg.

Det skal forståast som at vedlikehald ikkje er tiltak som skal handsamast etter plan- og bygningslova. Forbodet er ikkje til hinder for tiltak etter pbl1985 § 86 a.

§ 9 Krav om reguleringsplanar i område for fritidsleilegheiter, jf. plan- og bygningslova, pbl1985 § 20-4 andre ledd, bokstav a.

- a) For område avsett til framtidige byggjeføremål (fritidsleilegheiter) kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnt i pbl1985 §§ 82, 84, 86b og 93 før området inngår i ein reguleringsplan. Jf. Pbl § 20-4 andre ledd bokstav a.

Kravet om reguleringsplan for fritidsleilegheiter gjeld for Furedalen.

- b) I område for fritidsleilegheiter skal utnyttingsgraden vera maksimum 35% BYA. Kvar fritidsbustad kan delast i fleire bygningskroppar og plasserast i tunskipnader. Møneretning skal i hovudsak fylgje terreng og vere parallell med terrengkotane. Form på bygga skal tilpassast eksisterande terreng og omgjevnader.

§ 10 Krav om reguleringsplanar i senterområde, jf. plan- og bygningslova, pbl1985 § 20-4 andre ledd, bokstav a.

- a) For område avsett til framtidige byggjeføremål (senterområde) kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnt i pbl1985 §§ 82, 84, 86b og før området inngår i ein reguleringsplan. Jf. Pbl § 20-4 andre ledd bokstav a.

Kravet om reguleringsplan for senterområde gjeld for NAF og Aktiven.

- b) I senterområde skal utnyttingsgraden vera maksimum 45% BYA. Kvar fritidsbustad kan delast i fleire bygningskroppar og plasserast i tunskipnader. Møneretning skal i hovudsak fylgje terreng og vere parallelt med terrengkotane. Form på bygga skal tilpassast eksisterande terreng og omgjevnader.

Retningsline

Ved fortetting bør ein gjere greie for korleis fortettinga vert tilpassa andre omsyn i området.

Senterstruktur og senterutvikling på Kvamskogen.

Retningsliner

Føremålet med retningslinene er å oppnå attraktive, trygge og vakre møtestader i senterområda på Kvamskogen.

- *Dei to viste sentra ved NAF og Aktiven bør utviklast til attraktive, trygge og vakre møtestader.*
- *Sentra bør innehalde ei blanding av overnattingsbedrifter, matservering, utleigeiningar, handel og service.*
- *Senterområde skal ikkje spreie seg over for stort areal, men utbyggjast slik at det er korte gangavstandar, og ha trygge og vakre uteareal mellom husa. Biltrafikken skal særleg avgrensast i sentrumsområda.*
- *Service- og handelssenter skal vere nært knytt mot busshaldeplass, og vere tilgjengelege for alle brukargrupper. Dette gjeld t.d. folk som ikkje har tilgang til bil, dei som er rørslehemma osv.*

§ 11 Særskilt om områder for campingvogner (pbl1985 § 20-4 andre ledd bokstav b)

1. Oppstilling/parkering av campingvogner i Kvam er berre lovleg på område som i kommune(del)plan eller reguleringsplan/utbyggingsplan er godkjent for dette føremålet.

Før godkjenning kan gjevast skal reguleringsplan/utbyggingsplan med turvande planteikningar ha avklåra fylgjande:

- a) Arealbruken i området
- b) Avkøyrsløse og parkering
- c) Tal på vogner og plassering
- d) Bygningar og faste installasjonar
- e) Vatn, kloakk og renovasjon
- f) Terrengutforming og planting

Oppstilling/parkering av vogner skal ikkje finne stad før området/plassen er opparbeidd og tilrettelagt i samsvar med planen og godkjent av Kvam herad.

2. For campingområde der det vert etablert spikartelt, vert arealbruken i tråd med til ei kvar tid gjeldande vedtekter for campingplassar.

§ 12 Landbruks-, natur og friluftsområde –LNF-f område: (pbl1985 § 20-4 første ledd, pkt.2)

Skiløypene på Kvamskogen er vist som landbruks-, natur- og friluftsområde med vekt på friluftsliv, LNF-f.

I nye byggeområde er skiløypene vist med inntil 30 m breidde. I denne sonen er det ikkje tillate med hyttebygging.

I område der skiløypene er etablert i byggeområde (fritidsbustad o.a.) i gjeldande reguleringsplanar og disposisjonsplanar, er skiløypene vist med breidde på 4 m. I desse områda er det ikkje tillate med hyttebygging, jf. § 3 m i gjeldande føresegner for planen

I område der skiløypene er etablert i byggeområde utan detaljplan, er LNF-f område vist med ei samla breidde på inntil 20 m. Denne grensa er vist som byggegrense. I desse områda er det ikkje tillate med nye hytter.

§ 13 Landbruks-, natur og friluftsområde: (pbl1985 § 20-4, første ledd, pkt 2)

§ 13 a. Spreidd utbygging (pbl1985 § 20-4 andre ledd, bokstav b)

Innafor LNF-område er det forbod mot spreidd bustadbygging, spreidd bygging av fritidsbustadar og spreidd bygging av ervervsbygningar, jf. Pbl § 20-4, første ledd nr. 2.

§ 13 b. Endring av eksisterande bygg (pbl1985 § 20-4 andre ledd, bokstav c)

I LNF-c område nr 1 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 7 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 2 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 18 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 3 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 4 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 4 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 1 hytte på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 5 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 12 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 6 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 13 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 7 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 8 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 8 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 1 hytte på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 9 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 1 hytte på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 10 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 1 hytte på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 11 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 3 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 12 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 1 hytte på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 13 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 3 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 14 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 2 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 15 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 1 hytte på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 16 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 7 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 17 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 4 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 18 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 7 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 19 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 6 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 20 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 1 hytte på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 21 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 1 hytte på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 22 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 1 hytte på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 23 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 1 hytte på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 24 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 4 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 25 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 2 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 26 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 24 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 27 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 1 hytte på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 28 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 5 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 29 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 1 hytte på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 30 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 2 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 31 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 4 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 32 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 1 hytte på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 33 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 9 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 34 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 4 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 35 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 1 hytte på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 36 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 17 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 37 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 15 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 38 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 22 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

I LNF-c område nr 39 vist på plankartet er det mogleg med utviding av 6 hytter på inntil 120 m². Utvidinga skal ikkje skje inn i mot etablerte skiløyper eller vera til hinder for ålmenta sitt tilgjenge til vatn og vassdrag.

§ 14 Viktige ledd i kommunikasjonssystemet pbl1985 § 20-4 første ledd, pkt. 6

Fylgjande vegar skal ikkje vera brøytta på vinterstid (jf. kart);

Byrkjesetevegen

Vegen igjennom "Klubben"

Mødalsvegen

Veg langs nordsida av Vetlavatnet

Veg i Gråsteinsdalen - frå parkeringsplassen

Veg til Steinskvanndalen (frå Kvamskogen aktiv)

Retningsliner for brøyting av vegar

Vinterstid - som hovudregel vert vinterstid definert som perioden frå 1.november til 1.mai. Om det ikkje er mogleg å preparere vegane med trakkemaskin, kan vegane også nyttast til køyring utanom denne perioden.

Vegar som ikkje skal brøytast;

- Reguleringsplan for del av gnr 22 bnr 7 mfl. - Kvednaskogen skal ikkje brøytast i samsvar med føresegnene i reguleringsplanen i perioden mellom 1. november og 1 mai.*
- Reguleringsplan gnr 21 bnr 4 mfl. Furedalen 12.06.2007*

- *Gnr 19 bnr 6. Gråsteinsdalen 01.04.1998*

Vegar som etter føresegner i reguleringsplan kan brøytast

- *Reguleringsplan for Fureberghovden gnr 19 bnr 2 mfl.*

Vegar som vert brøytt

- *Gjeld for vegar i bebyggelsesplan og reguleringsplan for Alhovden-planen viser løysing med skibru mot hytteområde B1*
- *Gjeld vegar i reguleringsplan for del av gnr 25 bnr 1 mfl. (Århusplanen). Planen legg opp til kryssing av skiløype i plan. Skal vera same "føre" i veg og skiløype.*

Retningsliner

LNF-område har høg verdi anten som friluftsområde eller naturområde. Dei inneheld mykje brukte turområde, beiteområde og område med spesielle naturfaglege kvalitetar, inngrepsfri natur, viktige viltområde eller ein kombinasjon av desse. Vasskraftutbygging, veganlegg, kraftliner, hytter og andre tekniske installasjonar bør ikkje koma i desse områda. Ved vurdering av planar eller tiltak bør det difor leggjast ekstra vekt på å ivareta desse interessene.

Retningslinjer for nybygging og restaurering i stølsområde Pbl1985 § 20-4 første ledd nr 2. Retningslinjene gjeld for fylgjande stølsområde:

- *Eggjasete*
 - *Netelandsstølen*
 - *Mødalen*
 - *Fossdal*
 - *Måvotni*
 - *Nedre Steinskvanndalen*
 - *Byrkjesete*
-
- *I stølsområde bør det berre først opp enkle bygningar inkludert bislag, i hovudsak i same storleik som dei opphavlege stølshusa, primært på opphavleg grunnmur.*
 - *Stølsbygningar er definert som bygningar med høg kulturhistorisk verdi og som tidlegare har vore nytta til tradisjonell stølsdrift.*
 - *Nye bygningar i stølsområde skal plasserast og få møneretning som samsvarer med eksisterande byggestruktur.*
 - *Ombygging og eventuell påbygging bør vere innafor ein målestokk som er i samsvar med opphavlege bygningar på stølen. Det bør også leggjast vekt på tradisjonell materialbruk og farge.*
 - *Terrasse med og utan overbygg vert ikkje tillate.*
 - *Utvendig trepanel bør vera liggjande og skal vera kanta, i samsvar med tradisjonell byggeskikk.*
 - *Bygningane bør ha knappe takutstikk.*
 - *Grunnmur skal vera i naturstein, eventuell betong bør ikkje vera synleg.*
 - *Tak bør tekkjast med heller eller torv.*
 - *Vindauga bør vera små og av tradisjonell type.*
 - *Nye bygg skal plasserast lågt i landskap og ikkje koma i silhuett.*
 - *Stølar der ein ynskjer å koma i gang med ny mjølkeproduksjon bør også ta omsyn til dei kulturhistoriske verdiane på stølen.*

Viktige ledd i kommunikasjonssystemet etter Pbl1985 § 20-4 nr. 6.

Retningslinjer

- *Ved oppsetjing av nye og revisjon av gamle høgspennliner skal luftspenn leggjast utanom fritidsbusetnad og viktige område i høve til grøntstruktur.*

Trafikktryggleik.

Retningslinjer

For at Kvamskogen skal vere trygg for fotgjengarar og skiløparar i høve til biltrafikken bør all planlegging og utbygging ha stor vekt på trafikktryggleik. Dette gjeld både ved revisjon av gjeldande reguleringsplan for fylkesvegen, ved nye og reviderte utbyggingsplanar og i byggesaker.

Viktige enkeltpunkt for revisjon av gjeldande reguleringsplan for fylkesvegen er:

- *Fylkesveg og dei viktigaste turløypene/skiløypene bør ikkje krysse i same plan. Avklaring av kva som skal vere viktigaste kryssingar mellom målpunkt på begge sider av hovudvegen skal skje i revisjonen.*
- *Kvamskogen skal ha eit godt langsgåande system for gang- sykkelvegar, og ein skal vurdere å utvide strekninga (dvs mellom NAF og avkøyrsla til Kvednaskogen) som i dag er regulert.*
- *Parkering bør i størst mogleg grad skje i utbyggingsområde for å få parkering bort frå nærrområde til fylkesvegen og for å få frigjort parkeringsareal til dagsturtrafikken.*
- *Ein bør vurdere om miljøgaterregulering over dei mest kritiske delar av Kvamskogen er eit tenleg verkemiddel for å få auka tryggleik for fotgjengarar og skiløparar. Det vil seia ved dei to senterområda NAF og ved Aktiven.*
- *Gjennomgang av fylkesvegen sin standard i høve til gjeldande krav gitt i vegnormalane.*
- *På Kvamskogen skal ein ha ein restriktiv haldning til avkøyrslar, i tråd med rammeplan for avkøyrslar, utarbeida av Statens vegvesen Hordaland.*

I føresegner og retningsliner til planen vert det vist til;

- ”grøntstrukturanalyse”, dagsett 04.07.02. Dette gjeld rapport; ”Kvamskogen – grønstrukturanalyse, fase 1. Omtale”. Norconsult og NNI-Norsk Natur Informasjon. April 2002 (journalid 02/11355)
- ”Trafikkanalyse for Kvamskogen”-utarbeidd av Sweco. Dagsett den 31.03.2011. (journalid 11/7029)